

# RETNINGSLINER FOR FORVALTING AV DESENTRALISERT ORDNING FOR TILSKOTT TIL KULTURBYGG

Fastsette av Kulturdepartementet og gjeld frå 1. januar 2010

## 1 FORMÅL

Tilskotta skal bidra til egna lokale, bygningar og utearenaer som gir rom for ulik kulturell verksemd. Tilskott kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som bibliotek, bygg for museum eller andre kulturverntiltak, scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst.

Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald eller drift.

## 2 VILKÅR FOR TILSKOTT

Lokala må være planlagde ut frå definerte behov og bør være fleksible. Kulturhusa bør lokaliserast sentralt i lokalsamfunnet eller regionen.

Bygningane skal i størst mogleg grad fungere som kulturelle møtestader for alle grupper. Lokala skal være opne for all lovleg kulturverksemd. Ingen må stengjast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

### 2.1 Utforming

Bygg som mottar tilskott skal utførast i samsvar med dei til einkvar tid gjeldande føresegn i plan- og bygningsloven, jf. m.a. § 29 i plan- og bygningsloven.

Fylkeskommunen må medverke til at bygga blir føremålstenlege ut frå formåla for prosjekta.

#### 2.1.1 Kvalitetssikring av planane

Planane må kvalitetssikrast med omsyn til funksjonalitet. Fylkeskommunane må i kvalitetssikringen av planane innhente uttale frå relevant faglig hald med mindre fylkeskommunen har slik kompetanse. Riksteatret kan kontaktast i kvalitetssikringen av planer om scenekunstlokale.

#### 2.1.2 Universell utforming

Kulturlokala eller -arenaene som mottar tilskott skal være universelt utforma i samsvar med plan- og bygningsloven og forskrifter til denne. Dette gjeld både tilskott til

nybygging og til ombygging. Inntil forskrifter til ny plan- og bygningslov er sette i verk, gjeld krava spesifiserte i forskrifta om krav til byggverk og produkt til byggverk, kap. X Brukbarhet og rettleiinga til denne forskrifta.

### *2.1.3 Arkitektonisk utforming*

Kulturbygget eller utendørsarenaen må få ein god arkitektonisk utforming<sup>1</sup> i samsvar med bygningens eller arenaens funksjon og etter regler gjeve i plan- og bygningsloven.

## **2.2 Sikkerheit**

Kulturbygg som mottar tilskott skal nyttast til kulturformål i minst 20 år etter at midlane er utbetalte. Fylkeskommunane må sørge for tilstrekkeleg sikkerheit for tilskottet i denne perioden. Dette kan ein gjere ved krav om at søkjarar eksplisitt plikter seg til å stille lokala til disposisjon for kulturformål i 20 år. Av fylkeskommunanes retningsliner kan det gå fram at bruksendring til anna enn kulturformål ikkje kan skje utan skriftleg førehandsgodkjenning frå fylkeskommunen.

## **2.3 Tilskottsatsar**

Tilskott kan utgjere inntil 1/3 av godkjende prosjektkostnader for kulturbygget. For søkjarar som har krav på refusjon av meirverdiavgift skal tilskottsdelen på 1/3 reknast ut frå prosjektkostnadene etter at meirverdiavgifta er trekt frå.

Dersom kulturbygget er samlokalisert med andre verksemdar, skal ein dele kostnadene til fellesareal og sambruksareal.

## **2.4 Vilkår fastsette av fylkeskommunane**

I tillegg til dei andre punkta i disse retningslinene skal den enkelte fylkeskommune fastsette nærare vilkår for søknader om tilskott, mellom anna:

- opplysningar om funksjon, aktivitetar, behovsunderlag og søkjar
- teikningar med tilhørande framstilling av prosjektet
- prosjektbudsjett, med avsetningar til kunst, uvisse og reserve
- dokumentasjon av gjennomførings- og fullfinansieringsansvar
- framdriftsplan
- finansieringsplan
- eigeansvar etter at tiltaket er ferdigstilt
- driftsfinansiering og plan for forvaltning, drift og vedlikehald.

Søknadene må innehalde dei opplysningane som er nødvendig for at fylkeskommunane skal kunne oppfylle rapporteringskrava under pkt. 6 i desse retningslinene.

---

<sup>1</sup> Omgrepet «god arkitektonisk utforming» er eit samleomgrep for integrering av visuelle kvalitetar, brukbarheit, funksjonalitet og universell utforming. Omgrepet omhandlar såleis ikkje berre utsjånad, men alle element i plan- og bygningsloven som skal balanserast mot kvarandre for å få ein tilfredsstillande heilskap både ved prosjektering og utføring.

### **3 KUNNGJERING OG SØKNADSFRISTER**

Fylkeskommunane skal kunngjere at ein kan søke om tilskott frå den desentraliserte ordninga for tilskott til kulturbygg. Den enkelte fylkeskommunes retningsliner for ordninga skal gjerast tilgjengeleg for potensielle søkjarar.

Søknadene skal fremmast gjennom den kommunen der bygget skal ligge.

Fylkeskommunane fastsett frist for kommunanes innsending av prioriterte innstillingar av søknader. Kommunane fastsett søknadsfrist i eigen kommune.

### **4 RETT TIL KLAGE**

Forvaltningsloven § 28 andre ledd gjev søkjarar rett til å klage på enkeltvedtak.

Vedtaket kan klagast til det forvaltingsorganet som er nærast overordna det forvaltingsorganet som har fatta vedtaket. Kulturdepartementet er klageinstans for vedtak fatta av fylkeskommunane i saker om forvaltninga av denne ordninga. I fylkeskommunanes underretning til søkjarane om vedtak skal det mellom anna gjevast opplysningar om høve til klage og klagefrist, jf. forvaltningsloven § 27 tredje ledd.

### **5 UTBETALING**

Departementet utbetaler midlane til fylkeskommunane. Dersom fylkeskommunane har send rapport til departementet i samsvar med pkt. 6 i desse retningslinene, vil avsetninga av spelemidlane til den desentraliserte ordninga for tilskott til kulturbygg (heretter nemnd "totalbeløpet") bli delt mellom fylkeskommunane etter folketal (60 % av totalbeløpet), areal (5 % av totalbeløpet) og ei lik fordeling til alle fylkeskommunane tilsvarende 35 % av totalbeløpet. Manglande rapportering frå året før eller rapporter utan relevant grunngjeving for inneståande beløp per 31. desember i rapporteringsåret kan vere grunnlag for omfordeling til andre fylkeskommunar.

Fylkeskommunane skal setje midlane inn på rentebærande konto, og utbetale til prosjekt i samsvar med framdrift og likviditetsbehov. Sluttutbetaling skal skje etter at ferdigattest og revidert rekneskap er sende inn. Inntil revidert rekneskap ligg føre, skal fylkeskommunane halde tilbake minst 10 % av tilskottet.

Tilsegn om tilskott kan gjelde i inntil tre år frå underretninga av vedtaket er gjeve til søkjaren. Med mindre søkjaren har bedt om utbetaling av tilskottet i samsvar med dokumentert framdrift og likviditetsbehov innan tre år etter underretninga, bortfell tilsegna.

Renter og inndratte midlar skal nyttast til formålet for tilskottsordninga.

## 6 RAPPORTERING TIL DEPARTEMENTET INNAN 1. APRIL

Krava til rapport for 2009 går fram av departementets brev frå 2. januar 2007.

Fylkeskommunane skal utarbeide årsrapport for 2010 og seinare år over dei enkelte tilsegna og utbetalte summer fordelte på kvart prosjekt. Rapporten skal også innehalde oversikt over følgjande summer for rapporteringsåret:

- innestående midlar per 1. januar
- tildelte midlar frå Kulturdepartementet
- renter i perioden 1. januar til 31. desember
- eventuelle tilbakebetalingar i rapporteringsåret
- summen av utbetalte tilskott
- innestående midlar per 31. desember.

Tala skal stadfestast av fylkesrevisjonen. Dersom innestående midlar per 31. desember er meir enn 2 mill. kroner, skal dette grunngjevast. Relevant grunngjeving kan vere at tilskott ikkje er utbetalte fordi prosjekt som har fått tilsegn ikkje har tilstrekkeleg framdrift eller likviditetsbehov, eller at midlar haldast tilbake i påvente av revidert rekneskap og sluttutbetaling. Fylkeskommunane kan setje av midlar til planlagde kulturbygg som ikkje er sett i gang. Det er derimot ikkje relevant grunngjeving at midlar sparast opp til framtidig uspesifisert kulturbygg. Skjema for denne delen av rapporteringa vil bli send i elektronisk versjon til kontaktpersonar i fylkeskommunane, jf. omtale under om elektronisk rapportering. Eksempel på slikt skjema er vedlagd.

Departementet har behov for statistikk over bruken av spelemidlane. Oversikten over dei enkelte prosjekt som har fått tilskott frå desentralisert ordning for tilskott til kulturbygg skal innehalde følgjande opplysningar:

- samla tilsegn
- utbetalt tilskott i rapporteringsåret
- om tiltaket gjeld a) nybygg, b) påbygg/tilbygg, c) ombygging/modernisering av eksisterande kulturbygning, d) ombygging av annan eksisterande bygning til kulturformål eller e) utearena.
- om tiltaket gjeld a) allment kulturhus/fleirbrukshus eller spesielle kulturlokale som b) bibliotek, c) bygg for museum eller andre kulturverntiltak, d) teater, e) konsertsal, f) galleri, g) kino eller h) andre lokale for kulturell verksemd.

Dersom tiltaket er samlokalisert med anna verksemd, skal ein opplyse om det er samlokalisert med a) skole, b) omsorgssenter, c) hotell eller anna overnattingsverksemd, d) kommunal administrasjon eller e) anna verksemd.

I [www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no) vil følgjande nye "typer" bli lagt inn under kategorien kulturbygg: "Kulturbygg – Allment kulturhus", "Kulturbygg – Bibliotek", "Kulturbygg – Museum", "Kulturbygg – Teater", "Kulturbygg –Konsertsal", "Kulturbygg – Galleri", "Kulturbygg –Kino" og "Kulturbygg – Andre lokaler".

Kulturdepartementet vil i løpet av 2010 komme tilbake med opplegg for elektronisk rapportering om prosjekta som har fått tilskott i rapporteringsåret.

I tillegg skal fylkeskommunane sende inn til departementet kopi av egne retningslinjer for ordninga, og opplysningar om korleis retningslinene er kunngjort for potensielle søkjarar.

Rapporten skal sendast til departementet innan 1. april året etter.